

Plass til fleire på Bøkkerkvelden

21.06.2010

**Førebel s har det meldt seg vel 30 til den tradisjonelle Bøkkerkvelden på laurdag. Det betyr at det er god plass til fleire og vertskapet held fram at dette blir ei spesiell oppleving i eit særegent miljø også i år.**

Alle brikene er førebels ikkje på plass, til dømes er det ikkje heilt klart kven som skal halda kåseriet dette året. Men det plar vera eit høgdepunkt og blir det nok også ved dette høvet.

På den andre sida er det ikkje tvil om at bandet med Olsen i spissen skal spela og at lubbesild står på menyen!

Kristian Bringedal ønskjer fleire påmeldingar snarast.